



Gunnar Skurtveit  
Skurtveit 54  
5917 ROSSLAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1101 - 15/9094

Saksbehandlar:  
Lillian Straumøy Brakstad  
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:  
07.05.2015

## Godkjenning - tiltak utan ansvarsrett. Rehabilitering/utviding av naust på Skurtveit, tilhøyrande gbnr 48/32.

**Administrativt vedtak. Saknr: 151/2015**

Tiltakshavar: Gunnar Skurtveit  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

### SAKSUTGREIING

Det vert vist til søknad motteke 16.01.2014 i Meland kommune. Søknaden gjeld rehabilitering/ombygging/utviding av naust på Skurtveit, gbnr 48/32.

### VURDERING:

#### Planstatus:

Eigedomen ligg i kommuneplanen som LNF-område og innanfor 100-metersbeltet til strandsone. Utval for drift og utvikling har i møte 06.05.2014, UDU.sak 43/2014, gitt dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og frå forbod mot tiltak i 100-metersbeltet til sjø for omsøkt tiltak. Det vart sett som vilkår i dispensasjonsvedtaket at to vindauge på den nordlege sida måtte fjernast. Kommunen mottok 29.04.2015 revidert teikning i samsvar med UDU.vedtak 43/2014.

#### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 27.12.2013. Det er ikkje motteke merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka. Nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

#### Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

**Postadresse**  
postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**  
www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart stempla motteken 16.01.2014. Tiltaket må verte brannsikra i samsvar med teknisk forskrift av omsyn til fare for brannsmitte. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

Planløyising og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyising og er i samsvar med Pbl § 29-1.

VEDTAK:

”Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til rehabilitering/ ombygging/utviding av naust på gbnr. 48/32 i samsvar med søknad motteke 16.01.2014.

Det vert vist til vedlagte kart motteke 16.01.2014 og revidert teikningar motteke 29.04.2015.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søker – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Meland kommune ber om at det vert meld frå når tiltaket vert starta opp og ferdigstilt.»

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

**Med helsing**

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**  
48-32

**Mottakere:**

Gunnar Skurtveit

Skurtveit 54

5917

ROSSLAND